



NJFF
Sogn og Fjordane

Til jegerar som har kjøpt kort for hjortejakt i Selje 2025

VIKTIG INFORMASJON SOM JEGER ER PLIKTIG TIL Å SETJE SEG INN I

1. Før du skal jakte:

Heile kvota / restkvota er til ein kvar tid jaktbar. Det er derfor svært viktig at du orienterer deg om kva som er att av kvota før du startar å jakte. Alle som har jakta, skal legge inn felte dyr og observasjonar innan kl 21.00. Du må derfor gå inn på

<https://www.hjorteviltregisteret.no/bruker/Login/> etter kl 21.00 dagen før du skal jakte og sjekke kva som er skote og såleis finne ut kva som er att av kvota. Dersom det ikkje er dyr att, kan du ikkje jakte, og du får du tilbake 75% av det du har innbetalt. Har du kjøpt fleire dagar og du sjølv fyller kvota dei første dagane, får du ikkje tilbakebetalt dei siste dagane i den perioden.

Ved jaktstart 1. september er den totale kvota:

Kvotefri jakt på kalv

1 ungdyr (1,5 år. Fjorkolle eller spissbukk (ugreina bukk))

2. Rutinar kring felling og rapportering:

- Felte dyr skal rapporterast umiddelbart på sms, oppgje alder og kjønn. til 95889475.
- Felte dyr og observasjonar skal rapporterast inn same dag INNAN kl 21.00 på <https://www.hjorteviltregisteret.no/bruker/Login/>. Dette er svært viktig då andre som har kjøpt kort må inn å sjå restkvote på hjorteviltregisteret. Jaktfelt 4649J0024, Stad kommune, Selje Prestegard.
- Alle dagar det har blitt jakta, skal leggst inn. Har de ikkje sett dyr, er observasjon 0 – null. Hugs å legge inn alle synsobservasjonar, også dei som de veit andre i jaktlaget har sett.
- Etter slakting (utvombing, flåing og tatt av hovudet) skal dyret vegast. Ta bilete av dyret med vekta, slik at det er mogeleg å lese av tyngda. Send biletet på sms til 95889475. Stikkprøver vert tatt, så skal du ut av området, må du først gje beskjed om det til.

3. Jaktområde:

Sjå kart på inatur:

<https://www.inatur.no/storviltjakt/5d2448addb2f340003be49d8/hjortejakt-i-selje>

4. Jaktkort:

Alle som skal vere med å jakte, må ha kjøpt jaktkort på inatur:

<https://www.inatur.no/storviltjakt/5d2448addb2f340003be49d8/hjortejakt-i-selje>

Den som har kjøpt hovedkort er jaktleiar. Dei andre jegerane som skal vere med, må kjøpe tilleggskort.

5. Ettersøk:

Alle som skal jakte hjort, må ha avtale om ettersøkshund. Dersom du ikkje har ettersøkshund sjølv, kan du bruke NJFF Sogn og Fjordane si avtale med Stryn Ettersøkslag. Gjer merksam på at ein har ansvar og kostnad med å få ettersøksekipasjen ut på øya Selja om det skulle bli naudsynt med ettersøk der. Ta med avtala under jakt, du får den ettersendt og vil finne den på salssida til inatur.

Sjå elles informasjon på inatur:

<https://www.inatur.no/storviltjakt/62447a6044d50f3c5955bc7b/hjortejakt-i-gulen>

Alle må sjølvsgt ha med seg naudsynte papir, rette seg etter lover og forskrifter for jakt.

Vi ynskjer alle jegerar ein riktig god haust og skit jakt!

Med venleg helsing
Jaktutvalet i NJFF Sogn og Fjordane

Ved Alf Erik Røyrvik
95889475



Norges Jeger-
og Fiskerforbund